

INNOVASJON NORGE  
Postboks 448 Sentrum  
0104 OSLO

## Prioriteringar i forvaltning av IBU-midlane for Vestland 2020

Vestland fylkeskommune viser til oppdragsbrev frå Landbruks- og matdepartementet motteke den 7.januar 2020. I tråd med regionreforma har fylkeskommunane fått ansvar for Regionalt næringsprogram for landbruket og skal dermed også gje strategiske føringar til Innovasjon Norge for bruken av midlar til investering og bedriftsutvikling i landbruket (IBU-midlane). Nasjonale føringar seier at strategiske føringar frå den regionale partnerskapet er avgrensa til prioritering mellom ulike produksjonar og mellom ulike område i den enkelte regionen/fylket.

Naturressursane i Vestland skal nyttast på ein berekraftig måte til matproduksjon, arbeidsplassar, energi og opplevingar. Vestland fylkeskommune ynskjer at Innovasjon Norge skal nytte verkemiddela til å byggje vidare på særtekkja ved vestlandsbruket som mjølk, kjøtt, frukt, bær og grønsaker.

Fylkeskommunen har samla den regionale partnerskapen inkludert faglagane til møte og drøfting om prioritering av midlane for 2020. Oppdragsbrevet er handsama politisk den 13. februar (ref til saksnummer). Vestland fylkeskommune legg til grunn at Innovasjon Norge sikrar ei tenleg geografisk fordeling av prosjekt. Geografisk fordeling av prosjekt vert tema på halvårsmøte i partnerskapen. Tabellen under syner korleis Vestland fylkeskommune meiner at IBU-midlane skal fordelast mellom produksjonane.

Fordeling fellesramme IBU Vestland 2020					
Produksjon	Mjølkeproduksjon	Sau	Andre husdyr og gjødsellager	Frukt og bær	Andre næringar
Sum	60%	15%	15%	15%*	10%

\*denne summen gjeld nasjonalt øyremerka midlar

Gjennom jordbruksavtalen har avtalepartane sett i verk tiltak for innovasjon og vekst i grønt sektoren. Målet er å auke norskandelen og møte etterspurnaden i marknaden med mest mogleg norske varer. Nasjonalt er det satt av øyremerka midlar til ordninga. Det er sett av 65 millionar til investeringar i grønt sektoren, og 9 millionar til etablering av småskalaproduksjonar. Vestland fylkeskommune ynskjer at partnerskapen skal legge til rette for at næringa i fylket har god kjennskap til desse midlane og at dei vert oppmuntra til å søkje. Når dei nasjonale midlane er brukt opp skal partnerskapen møtast for å diskutere ein eventuell omfordeling mellom produksjonane for andre halvår. Vestland fylke har avlingar av god kvalitet og høgt volum innan frukt, bær og grønt. Vestland fylkeskommune ynskjer at Innovasjon Norge skal bidra til å legge til rette for auke i lokal verdiskaping knytt til frukt, bær og grønt og tenleg auke i volum.

Mjølke er ein berande produksjon Vestland fylke. Det er viktig å støtte opp om mjølkeprodusentar i fylket. I første halvår bør saker som gjeld overgang frå bås fjøs til lausdrift som hovudregel prioriterast.

Gode og store nok gjødsellager med tak er sentralt for å hindre uønskt avrenning. Finansieringsordninga av gjødsellager slik den er i dag er ikkje god nok, i 2019 var det derfor

nesten ikkje søknader. Fram til finansieringsordningar for gjødsellager blir betre har partnerskapen valt å la gjødsellager inngå i kategorien andre husdyr.

Sau er den nest største produksjonen i Vestland. Sauebønder i fylket vil ha behov for investeringsmidlar for å fornye sauefjøsa og vere konkurransedyktige. Dette behovet må balanserast mot marknaden og totalproduksjonen av sauekjøtt.

Vestland fylkeskommune jobbar for at FN sine klima- og berekraftmål blir nådd. Det er viktig for fylkeskommune av bruken av IBU-midlane bidreg til å nå desse måla. Ny teknologi, klimasmarte løysingar og berekraft er viktig for alle landbruksproduksjonane i Vestland. IBU-midlane bør så langt det lar seg gjere legge til rette for at ny teknologi og klimasmarte løysingar vert nytta av alle landbruksproduksjonar i Vestland.

For å sikra større variasjon i næringsgrunnet på gardane skal IBU-midlane bidra til å legge til rette for tilleggsnæringer.

Innovasjon Norge forvaltar IBU-midlane i tråd med dei nasjonale føringane. Vestland fylkeskommune legg til grunn at lønsinntekt vert vurdert i samband med gjennomføringsevne og totaløkonomi til søkjar.

Det skal rapporterast på bruken av IBU-midlane til Vestland fylkeskommune. Rapporten skal inngå i rapporten som Innovasjon Norge elles sender til fylkeskommunen. Rapporten skal vurdere verkemiddelbruken opp mot førande poliske vedtekne dokument. Statistikk over fordeling til ulike grupper, som kvinner og unge, i dei ulike program og tenester skal synleggjerast slik at ein sikrar eit godt samanlikningsgrunnlag over tid.

Med helsing

Bård Sandal  
fylkesdirektør

Endre Høgalmen  
seksjonssjef

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift*

Mottakarliste  
INNOVASJON NORGE Postboks 448 Sentrum 0104 OSLO